



A circular gold coin (aureus) featuring a complex, embossed design of figures and animals, likely a Roman artifact. The design is highly detailed, showing various figures in dynamic poses, possibly deities or mythological creatures, surrounded by intricate patterns. The coin has a thick, rope-like border.

Nyopning - s. 28

Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Hei!

Likningskontoret

Som sikkert mange veit så har likningssjef Gaute Kro slutta på Bokn.

Det er endå eit tap av arbeidsplassar og statleg service. Det er derfor frustrerende at staten heile tida seier at dei skal sette brukarane og service i sentrum, for deretter å gjere det motsatte.

Eg vil nytte anledningen til å takke Gaute for den innsats og service han har ytt oss. Han har gjort mykje meir en me kunne forvente. Kunne me berre få den same hjelpa i ettertid?

Bokn kommune og likningskontoret har diskusjon om ein avtale som inneber at det vil bli folk på Bokn under innlevering av sjølvmeldinga, utlegging av skatten og når skattekonta blir utskrivne. Ellers vil Servicetorget kunne hjelpe til med enkelte ting. Me vil på sikt prøve få til ordningar som gjer at Servicetorget kan utføre oppgåver direkte. Korleis dette blir og kva tid vil ein opplyse om etter kvart som det blir klart.

Barn, ungdom og "MOT"

Bokn har som eit satsingsområde barn og ungdom. Her set me fokus på gode og trygge oppvekstmiljø på Bokn. Korleis få dei unge til å trivast på Bokn, slik kan dei også velge å etablere seg på Bokn når tida er inne for det.

Det har nå vore ein stor oppfiksing av Kyrkjebygd aktivitetshus og kommunestyret vil ha møte der 20/3 for å bli vist rundt og informert om ungdomsarbeidet. Kommunestyret vil og ta avgjerd om Bokn skal bli ein "MOT" kommune. "MOT" skal skape varme og trygge oppvekstvilkår for barn og unge ved bruk av forbilder, frivillige, lag og organisasjonar, skulen og foreldre.

Ved å fokusere på å vere tilstades,



Parti frå "stuå" på Kyrkjebygd kultur- og aktivitetshus.

involvere, vise kjærlighet og respekt, gi ros, vise følelser og sette seg mål håper ein at barn og unge får ein trygg oppvekst

"MOT" blei starta av toppidrettsutøvere for å arbeida mot narkotika.

Det er Politibetjent Frans Gisle Hansen som er primus motor i "MOT".

La oss **alle** ta dette alvorlig slik at me ungår at nokon havnar utanfor og får problem.

Nestekjærleik

Dei problema me har er små i forhold til dei som opplever krig og uro. Men for den venen, naboen eller familiemedlemmet som har eit problem i det daglige er det vanskelig nok.

Hvis me alle kunne sagt at me skal gå på besøk, stille opp, gjerne ta eit tak, så viser me at me bryr oss og set pris på vennskap. Eg trur då at kvar av oss og samfunnet på Bokn vil bli rikare.

La oss gjer Bokn til ein inkluderande og trygg kommune å bu i.

Svein Ove

Bokn tilbake i folketal i 2001

Reidar Alvestad

ROGALAND HAR 378.078 INNBYGGJARAR

Sandnes hadde den største folkeauken i Rogaland fjor med 1.084 personar. Denne nest største kommunen i fylket manglar nå berre 66 personar på å nå 55.000 innbyggjarar. Deretter kjem Stavanger med ein auke på 897 til 109.745, og Sola med 204 til 19.227.

Haugesund har ein auke på 128 til 30.737, medan Tysvær kommune har største folkeauken i nordfylket med 132 til 9.041.

Karmøy har ein tilbakegang på 48 til 37.097.

Prosentvis er det imidlertid Rennesøy kommune som har størst folkeauke med 2,5%. Kommunen har nå 3.247 innbyggjarar.

Det er elles stort sett dei indre og gravgrendene kommunane i fylket som har tilbakegang i folketalet med unntak av Forsand som går opp med 22 til 1.055.

BOKN STØRST TILBAKEGANG

Bokn hadde den prosentvis største tilbakegangen i folketal av rogalandskommunane i 2001 med 27 personar eller . Det utgjør 3,4%. Folketalet her var pr. 01.01.2002 på 765 personar, mot 792 pr. 01.01.2001.

Ser ein nærare på dei ulike tala, har det til saman vore 9 fødde og 12 døde i 2001. Det vil seia eit fødselsunderskot på 3. Men det store utslaget i fjor er at heile 51 har flytta ut av kommunen, mot 27 innflyttingar. Det utgjør eit netto innflyttingstal på -24, og det er dette som gjer det store utslaget på nedgangen i folketal i fjor.

I år 2000 var det ei netto innflytting på 6, dvs. 6 fleire som flytte inn enn ut av kommunen. Tendensen for folketalet i Bokn dei siste åra har vore positiv med ein svak oppgang. Det har vore utbyggingar med ny barnehage, kommunalt byggefelt og ungdomsbustader med sikte på tilbod til unge familiar og ungdom. Det siste større byggeprosjektet er utbygging av skulen.

Infrastrukturen i kommunen ligg difor vel til rette ein viss auke i folketalet. Det var difor litt overraskande at det vart så stor minus i 2001. Er den positive tendensen i ferd med å snu? Dei fleste vil kanskje tru at det er eit tilfeldig unntaksår, og at ein må sjå utviklinga over fleire år. Likevel blir slike tal litt negative for dei som arbeider for å leggja tilhøva til rette for auka tilflytting. Ein viss auke i folketalet gir meir optimisme og framtidstru.

Nokre år framover vil nok gi ein peikepinn om den positive trenden totalt sett frå dei seinare åra held fram.

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå

KULTURMIDLAR 2002

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå driftsstyret. Dei som søkte i fjor får automatisk tilsendt søknadsskjema i posten i veke 14. Ev. andre søkjarar vil få søknadsskjema i Servicetorget, eller ved å kontakta Jardar på kulturkontoret.

Søknadsskjema kan du også få tilsendt som e-post.

- Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 1.500,-
- Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2001 og budsjett for 2002 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.
- Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakt inn i budsjettet for 2002, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Dette er krav som driftsstyret stiller, og som må oppfyllest for å få stønad.

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Kulturmidlane for 2002 blir fordelte i driftsstyremøte 21. mai.

SØKNADSFRIST: 29. APRIL

Ukraina-prosjektet - takk!

Lørdag 9. mars hadde vi, Ukraina-prosjektet på Karmøy, innsamling av kler.

Vi stod på kaien i Føresvik fra kl. 12 00 - 14 00.

Vi vil svært gjerne få takke alle de som bidro med klær, sko, leker, m.m. til aksjonen.

Selv om innbyggerne på Bokn fikk kort frist på seg til å rydde i skaper, skuffer og kott så klarte de å skaffe til veie mye utstyr.

Vi vil komme igjen ved en senere anledning og lover da at vi skal gi dere bedre tid.

Vennlig hilsen
Stein Kåre Mannes

Bokn Plast får ny industritomt

Ny større industrihall vil bli bygd utanom bustadfelt sør for Føresvik

Reidar Alvestad

Industrihall

Bokn Plast har søkt om å få byggja ein ny industrihall på 840 kvadratmeter og ei høgd på 15 meter. Dette er både eit større areale og høgare bygg enn den nåverande store hallen. Utgangspunktet for søknaden var plassering på Bokn Plast sitt industriområde nesten vegg i vegg med den store hallen som står i dag. Saka førte til at mange naboar protesterte på planane. Dei klaga på ulike sider av industriverksemda som lukt, støy, brannfare, utsiktsforhold, estetikk m.v. Forvaltningsstyret vedtok i desember 2001 at saka skulle bli framlagd for kommunestyret og partane til uttale før realitetsbehandling. Før saka vart tatt opp i kommunestyret, var det forhandlingar og rådslaging mellom Bokn Plast og kommunen kor vidt det kunne finnast betre løysingar som var gjennomførbare for bedrifta, og som var betre for naboar og lokalsamfunnet totalt sett. I så fall innsåg ein at kommunen måtte koma inn som part i saka for å finna alternative løysingsforslag. Eit område sør for busetnaden i Føresvik var for ein del år sidan regulert til industriområde. Her kunne industrihallen byggjast dersom ein fekk kjøpa området, og fekk i stand ein intensjonsavtale med Bokn Plast.

Etter eit intenst arbeid i forkant fekk kommunen i samarbeid med eigarane av området og Bokn Plast i stand eit opplegg som kunne akseptast av alle paratar. For



Området sør for Føresvik kor Bokn Plast nå får nytt areale ved sjøen til bygging av industrihall. Her er det plass til seinare endeleg flytting av heile bedrifta.

kommunen kosta det ein god slump pengar, men ein ville få ei betre løysing både på kort og lang sikt dersom kommunestyret kunne gå med på det.

To ulike vedtak

Sakene kom opp for kommunestyret den 4. februar som gjorde to viktige vedtak. For det første blei det vedtatt kjøp av grunn til industriføremål i Føresvik (sør for Føresvik).


For det andre vart det vedtatt ein intensjonsavtale mel-

lom kommunen og Bokn Plast om utvikling av eit nytt industriområde sør for Føresvik.

Desse vedtaka sett i samanheng ligg til grunn for at Bokn Plast nå i første omgang kan byggja den nye industrihallen på det regulerte området sør for det eldre bustadfeltet i Føresvik.

Aukande etterspørsel

Dagleg leiar ved Bokn Plast A/S – Helge Rasmussen, seier til Bygdabladet at utgangspunktet for søknaden om å få byggja ny og større produksjonshall, var at bedrifta såg at dei ville kunna få fleire og større oppgåver i nær framtid som ville krevja større dimensjonar på produksjonslokala.



Kartutsnittet syner den innkjøpte eigedomen. Sjølv industriområdet ligg mot sjøen, sjå pil. Vegen mot Føresvik i venstre kant. Nåverande Bokn Plast øverst til venstre.


Innstillinger på havbotnen

Utanom septiktankar er det særleg beskyttande strukturar på havbotnen over installasjonar på norske oljefelt kor Bokn Plast ser nye oppgåver. Det har også vore kontakt med internasjonale aktører innan dette området. Bedrifta er i ei utviklingsfase på området, og har både partnarar og underleverandørar. Det fins også 4-5 andre aktørar som driv med liknande produksjon. Meir og meir av oljeinstallasjonane blir nå plasserte på havbotnen, og desse installasjonane krev dekke. Bokn Plast har sidan 1992 laga strukturar til slike føremål. Komande oppgåver gjeld store installasjonar. Når det t.d. gjeld det nye Snøhvit-feltet i nord, skal alle innstillinger ned på havbotnen. Det blir det største undervatn-anlegget i verda til nå, og viser kva veg utviklinga går. Tidlegare vart desse installasjonane oftast dekkja av stålstruktur, men glassfiber er blitt meir og meir vanleg, og har mange fordeler. Årsaka til at

installasjonane på havbotnen må beskyttast, er m.a. at dei kan skadast av lause deler som blir mista over dei, og at fisketrålar skal kunna passera over. Slik framtidsutsiktene nå fortonar seg, måtte bedrifta førebu seg på å kunna byggja større strukturar enn dei som kan produserast i nåverande lokaler.

Viktig arbeidsplass

Bokn Plast har i dag i overkant av 20 arbeidsplasser, og er nå på marknaden etter meir bemanning. Slik sett er dette den største arbeidsplassen i Bokn utanom offentleg verksemd. Dagleg leiar Helge Rasmussen seier at bedrifta har ei stabil lokal arbeidskraft hovudsakeleg frå Bokn, og at dette betyr mykje for bedrifta. Desse såg kva problem som oppsto mellom naboar og bedrifta sine utvidingsplanar, men har takla det på ein god måte.



Dagleg leiar i Bokn Plast A/S, Helge Rasmussen, meiner at det blei ei god løysing for bedrifta og dei andre partane totalt sett, og gir honnør til kommunen si administrative og politiske leiing for det arbeidet som blei nedlagt for å koma fram til eit godt og framtidsretta resultat.

Positiv kommuneleiing

Både den administrative og den politiske leiinga i Bokn kommune har saman med Bokn Plast A/S hatt lange samtalar og forhandlingar for å finna brukbare løysingar på utbyggingsbehovet.

Utan den viljen og medverknaden som vart vist frå kommunen si side, ville ikkje bedrifta aleine kunna hatt økonomisk evne til å både kjøpa området og bygge-modna det. Bokn kommune vil til saman leggja inn 5,3 mill. kroner, kor kjøpet av det 44 dekar store området har ein prislapp på 1,8 mill. kroner, og opparbeidinga med veg, byggemodning m.v. kostar 3,5 mill. kroner. Industriområdet som ligg nederst mot Boknasundet, er på 18 dekar. Strandlina er på 225 meter. Med utgangspunkt i ein pris på strandline på kr. 2.000,- pr. løpeme-ter, blir prisen ca. kr. 30,- pr. kvadratmeter for resten.

Framtidsretta

Mange spør seg nå om Bokn Plast vil flytta all verksemd til den nye lokaliteten. Dette er nok ikkje realiserbart ennå. Dei største konstruksjonane blir nok bygde på den nye lokaliteten, men produksjonen vil halda fram på hovudbasen. Det blir nå jobba fram mot at det nye bygget vil kunna stå ferdig i oktober i år. Førebuinga for bygging er i gong. Ny veg til området skal gå med avkjøring frå nåverande veg til Føresvik, og ik-

kje langs sjøen.


Helge Rasmussen seier til Bygdabladet at produksjonen samla på ein stad ville vore det beste, og ein skal ikkje sjå bort frå at dette ein gong kan realiserast. Dette blir ei vurdering som må gjerast etter kvart, og det har også ei økonomisk side kor andre samarbeidspartnarar kan vera aktuelle. Bokn kommune har tidlegare signalisert at dei kan vera interesserte i ny utvikling av nåverande industriområde til annan aktivitet. Tida vil visa kva som kan finnast av løysingar, og kor realiserbare dei er.

Bustadfelt og industri

Det kan lett bli motstridande interesser når det er tett naboskap mellom industri og bustadfelt. Slik er det også i saka rundt utbyggingsplanar for Bokn Plast. Oppføring av nye store bygg fører til at naboar mister utsikt. Utvida produksjon kan føra til meir støy og lukt. Bustadene vil kunna falla i verdi når dei skal seljast. Slik sett ville det beste for bustadfeltet vore at heile produksjonen vart flytta, og at området kunne blitt utvikla til andre føremål.

Anny og Peder Waage er to av dei naboane som grensar tett inntil industriområdet, både til lands- og til sjø. Dei seier til Bygdabladet at det aldri har vore enkelt å vera naboar til ein såpass stor bedrift. Etter at gjerdet rundt bedrifta sitt område kom på plass før kongebesøket i 1991, vart det mykje betre. Fabrikkområdet fekk grenser, og tankane heldt seg innafor bedrifta sitt område.

Anny og Peder er enige i at bedrifta har stor betydning for kommunen med alle arbeidsplassane, og håpar at dei lukkast i arbeidet sitt framover. Den løysinga som nå kom opp, var det beste dei våga å håpa på i denne omgang.



Anny og Peder Waage heime i stova.



Bokn Plast er den største private arbeidsgjeveren i Bokn kommune. Tida vil syna om bedrifta seinare tar steget heilt ut og flyttar til det nye industriområdet lengre sør, eller om bedrifta blir to-delt med administrasjonen i dei nåverande lokala t.v. i bildekanten.

Kommunalt vatn til Våga

Reidar Alvestad

Mange har tilgang

I mange år har Føresvik- og Alvestadområdet hatt tilgang på kommunalt vatn frå den kommunale vassverket. For ikkje så mange år sidan vart det lagt vatn utover til Vatnaland og vidare til Arsvågen.

For berre eit par år sidan la kommunen kommunalt vatn frå Øyrenområdet på Austre Bokn til Øvrabøvågen. Det har ført til at alle som driv med mjølkeproduksjon herfrå og nordover kan leggja inn godkjent kommunalt vatn.

Denne vinteren har arbeidet med å grava vassledning til Våga pågått, og i begynnelsen av mars kunne

fleire. Dermed har dei fleste husstandane på Austre Bokn tilgang til kommunalt vatn.

Snart 200 abonnentar

Med dei 13 nye brukarane av kommunalt vatn nærmar tal abonnentar seg 200. Det vil normalt vera slik at dei mest tettbygde områda er dei første som får kommunalt vatn. Det er ikkje umiddelbare planar om vidare utbygging, men det viser seg jo at det gjekk fort på Austre Bokn når midlane først var løyvde og arbeidet vart påbegynt. På Vestre Bokn er det ein del husstandar som har vatn frå ulike lokale vatn. Nokre



Ein gravemaskein står att i ledningstrasseen for at oppryddingsarbeidet etter grøftegravinga skal kunna utførast .




Det kommunale vatnet er ført heilt til endes på den offentlege vegen i Sørå Våga. Biletet viser garden til Ernst Øverebø.

dei abonnentane som ynskte det, kopla seg på det kommunale vassledningsnett. I starten er det 13 husstandar som koplar seg på, og kanskje kjem det

har gått saman og fått fellesanlegg. Slik sett stiller Austre Bokn svakare med at dei ikkje har naturlege vasskjelder.

Skulepåbygningsarbeidet pr. 19. mars - arbeidet går etter planen.



En møteplass på kryss og tvers

- "Mat og Kultur"!
- Boknadag!
- Marknadsdag!
- -felles lokaler!
- samarbeid om utstyr og ekspertise!
- samarbeide om forenkling av organisasjonsarbeidet!

Ja, dette var noen av ideene som ble lansert på Sjøhuset i Alvestadkroken torsdag 14. mars, da Næringsforum og Bokn kommune hadde invitert til et uformelt møte mellom alle friville lag og organisasjoner i kommunen.

Kveldens tema var: "hvordan kan organisasjonene dra nytte av hverandre på kryss og tvers"? Ca. 25 personer møtte til denne kreative idèdugnadskvelden, som ble ledet av Kari Christensen fra Næringsforumet. Etter diskusjoner i to- og firergrupper, presentasjoner, poenggiving og oppsummering var det klart at det ikke manglet ideer. Den største "bøygen" er nok å realisere de!!!



Foto. JH

Og - for å finne ut *hvordan de ideene som fikk mest oppslutning* kan realiseres, inviterer Næringsforumet og Bokn kommune til ny kreativ idèdugnad på Sjøhuset den 14. mai.

De lagene som ikke var representert, får en ny sjanse til å være med da. Skriftlig invitasjon kommer i posten, sammen med oppsummering fra det første møtet.

Hilsen Bokn Næringsforum

Påskens farger og symboler

Hvit	-	Renhet og høytid
Gul	-	Sola, lyset og livets farge
Rød	-	Kjærlighet, offer og beskyttelse
Grønn	-	Liv og vekst
Fiolett	-	Bot og forsakelse
		faste og advent
Gull	-	Kongeverdighet

SYMBOLER

Egg	-	I egget ligger kimen til nytt liv
Hane	-	Peters svik
Lam/sau	-	Offerlammet
Sommerfugl	-	Menneskets livssyklus
Kors	-	Møte mellom det himmelske og det jordiske. I kristen tradisjon

Tornekrone	-	minner det oss om offervilje
Sol/lys	-	lidelse og død.
		Nedverdiggelse og smerte
		Den skapende Gud og Jesus som verdens lys

Palmegreiner/ seljegrainer	-	Seierstegn
Halm	-	Korn og halm ble regnet for hellig, dessuten er det et fruktbarhetssymbol

Spirende kvister	-	Nytt liv
Border	-	Uendelighet



SKULEN INFORMERER

Skulekontoret, 52 75 25 69 kl. 08.15 - 12.30

KARNEVAL - FREDAG 15. FEBRUAR

Me slutta av fyrste del av vårsemesteret med karneval siste dagen føre vinterferien. Alle elevane marsjerte inn i gym.salen til fellesarrangementet kl.10.00. 9.klasse hadde ansvar for maten som var boller, sjokoladecake og saft. 9.klasse har dette som ei oppgåve i heimkunnskapstimate sine, at dei skal lage til noko for andre. Ein del av programmet var dessutan "Grand-Prix", der elevane framførte songar dei har øvd på, og ein jury med to lærarar og to elevar kåra vinnarane.

Det var 7 påmelde innslag. Fyrsteprisen vann Benedicte i 2.klasse og Hanne Cathrine i 4.klasse. Andreprisen vann gruppa Janne Elin, Lillian, Shane, Didrik og Wolfgang frå 5.klasse. Premiane var gullmedaljar til å



henge rundt halsen. Det vart og delt ut premiar for beste kostyme og elevrådet var jury.

Frå 1.-4.klasse vann "Ole, Dole og Doffen" som var Vilhelm, Andreas og Roar. Frå mellomsteget vann "Ein ekte norsk skiturst" som var Linn. Frå ungdomssteget vann "Pensjonistekteparet" "Fru" Irene og "Herr" Rebecca. Premiane for beste kostyme var gåvekort kr.50,- på musikkforretninga "Hysj-Hysj". Frå kl.13.00-14.10 var det volleyballkamp mellom 9.klasse og lærarane som lærarane denne gongen vann.

SKULEFOTOGRAFERING

Det har vore skulefotografering ca. kvart tredje år, den siste ved tusenårskiftet-skuleåret 2000/2001. Dette har vore etter tidlegare ynskje frå foreldra. Me ser nå at det går an å få til å fotografere lokalt med eit digitalt kamera som kulturkontoret har. Me gjorde mellom anna dette ved innskrivinga våren 2001, og fekk fine tilbakemeldingar på desse bileta. Det vil då vere aktuelt å fotografere ved skulestart med ny klassestyrar i 1.klasse og ved avslutninga av 10. klasse kvart år. Ved desse fotograferingane vil det vere klassebilete og eventuelt en-

keltbilete i 1. klasse og berre klassebilete i 10.klasse. Det vil dessutan vere greitt å gjere det lokalt slik at me kan sjå til at alle er med. Ved sist fotografering var det diverre 3 elevar som ikkje var på skulen den dagen me hadde fotograf til stades, og dette var dumt både for dei sjølv og dei andre i klassen. Det vil bli tatt bilete av både 1.og 10. klasse til våren når det er fint ver ute."

Me vil halde fram med å ha "storfotografering" kvart tredje år med ein fotograf utanfrå. NB! Dei som har bestilt bilete av alle elevane ved skulen våren 2001, må vente litt til. Firmaet som fekk oppdraget har hatt ein "klikk" i systemet sitt og eg har akkurat fått montasjen til korrektur.

10. KLASSE PÅ KLASSETUR

Turen er planlagd frå 22.-29.april, og går til Polen og konsentrasjonsleirane, etter eit opplegg laga av "Aktive Fredsreiser". Mange klassar frå distriktet har opp gjennom åra delteke på desse turane med stort utbytte. Det er ein tur som har eit godt og forsvarleg fagleg innhald.

"STORYLINE"-PROSJEKTET

U-trinnet har jobba med eit prosjekt: "Frå ung til vaksen" - med undertittel "Ein familie flyttar til Øyren-feltet". Metoden ein har jobba etter vert kalla "Storyline"- metoden. Elevane har vore delte inn i familiar og skal etablere seg i Bokn. Dei skal m.a. byggje hus, søkje om lån, søkje jobb og skrive andre søknader som må til. Mange av elevane fekk ei "aha"-oppleving då dei skulle setje opp budsjett i "familiane" sine. "Eg visste ikkje det var så dyrt alt" var det mange som sa, og dei store millio villaene og flotte bilane måtte mange sjå langt etter.

Tysdag 26.02 inviterte ungdomstrinnet alle som hadde vore involvert til ein presentasjon av prosjektet. Dette var Bokn Fiskemottak AS, Bokn Plast, Loden laks, Avløysarlaget, Trond Nedrebø og seksjonane skule, barnehage, kultur og helse.

(P.g.a. sjukdom var dessverre ikkje Bygdabladet til stades på denne presentasjonen. Red.anm.)

MELLOMSTEGET HAR HATT EIT FELLES MATEMATIKK-KURS

5.-7.klasse har dei siste vekene lagt alle matte-timane felles og hatt matte-kurs. I 2002 er det 200 år sidan ein av verda sine store vitenskapsmenn, Nils Henrik Abel, vart fødd, og i samband med dette er det lagt opp til ulike markeringar, knytta opp mot matematikkfaget. Elevane på mellomsteget var delt opp i grupper på tvers av klassane, og fekk oppgåver og spel med ulik vanskegrad som dei jobba med. Måndag 28.januar då lærarane hadde planleggingsdag, var alle lærarane frå 1.-7. klasse på matematikk-kurs i Hgsd., og fekk mange nye tips til undervisninga.

Førebuande besøk på Bokn skule

Tidleg i januar tok Bokn skule i mot lærarar frå tre europeiske land til eit førebuande prosjektbesøk. Skulen har i lengre tid arbeidd med å auke det internasjonale engasjementet ved skulen, i tråd med tidlegare ønskje frå kommunestyret. No har det endeleg lykkast oss å få napp i det som vert kalla EU sitt utdanningsprogram, **Socrates**. Innafor dette programmet finst eit område som heiter **Comenius**. Her kan skular frå ulike europeiske land samarbeide om alt frå reine skuleprosjekt til etterutdanning innanfor skulesektoren. EU bidreg med økonomisk støtte til å drive prosjekta og til reiser for elevar og lærarar.

Det første skrittet var eit førebuande prosjektmøte på Bokn no i januar. Då kom to lærarar frå Lurgan i Nord- Irland, ein lærar frå Rastede i Tyskland og to lærarar frå Malmö i Sverige. Dei var her på i Bokn frå tysdag til søndag. Saman med tre lærarar ved skulen vart det utarbeidd ei skisse for prosjektet "Catch IT", som det no vert søkt om støtte til.

I korte trekk er prosjektet eit samarbeid om å bli betre kjende med dei lokale samfunna me lever i til dagleg. Me skal undersøkje korleis ungdommane har det, historie, lokale verksemdar, tradisjonar og mykje anna, og resultatane av dette arbeidet skal visast fram på ein felles nettstad. I tillegg legg me her på Bokn ekstra mykje vekt på å involvere lokale verksemdar i prosjektet, slik at ein kan halde fram det gode samarbeidet som ein har fått til no, m.a. i det siste storyline-prosjektet ved skulen.

Elevane skal samarbeide med elevane på dei andre skulane, både over nettet og i ei gruppe som skal reise på prosjektmøte til dei andre skulane. Skulen håpar også å få til elevutveksling for heile klassar, men dette er noko usikkert enno. Me vonar at dette skal verte svært interessant for elevane, og at dei skal lære ungdommar i andre land å kjenne. Lærarane som var med i arbeidet med søknaden lærte i alle høve svært mykje om både seg sjølve og dei andre.

Besøket var svært lærerrikt og interessant, og ein hadde mykje moro desse dagane. Onsdag og torsdag var fulle arbeidsdagar, men på fredag fekk me vist dei Bokn og vikingområdet på Avaldsnes. Dei var alle fulle av lovord over området og alle menneske dei møtte. For oss på skulen var det triveleg å ha besøk av yrkesbrør og -søstre som kunne fortelje om ein annan kvardag frå storbymiljø og større tilhøve enn me har her i kommunen.

Veka vart avslutta på Sjøhuset i Alvestadkroken. Då var både varaordføraren og ordføraren til stades. Ord-



Bak fv. Jorunn Schmeichler, Lena Bjørk (Sverige), Hans Peter Verse (Tyskland), Åse Bratthammer, Stein Magnar Gjerde.
Foran fv. Fran McCann (Nord-Irland), Sinead Carlin (Nord-Irland), Camilla Hodel (Sverige).

føraren ønskte dei velkomne til Bokn, og la vekt på det internasjonalt orienterte næringslivet på Bokn som eit utgangspunkt for samarbeid med Europa. Stein Magnar Gjerde, som er kontaktperson for prosjektet på skulen, orienterte om arbeidet så langt, og ordføraren vart overrekt kommunevåpen frå dei tre kommunane som lærarane kom frå.

Søknadsfristen for prosjektet er no 1. mars, og etter det er det berre å vente på svar frå vårt nasjonale Sokrates kontor i Bergen. Me kryssar fingrane og håpar på eit positivt svar.

Ilmellomtida reknar me med å få besøk frå ein klasse på den svenske skulen i Malmö. Dette er ikkje heilt klart enno, men det er lite som manglar.

Songen om det som var

Kjetil Hamre

På Tåganess ligg ein kvit firkant, ein avlang lagerbygning og ein Kai. Ein kloss som ligg for seg sjølv utan noko husleg nabolag. Her har mange gått inn og ut og etterlatt seg ord til Songen om Austre Bokn Handelslag. Frå hest og kjerre til bil, frå båtfrakt til varebilar. Austre Bokn handelslag har opplevd mykje. No er siste vers i ferd med å skrivast. Sørgeleg, vemodig, men desverre sant.

Dei historiske fakta taler for seg sjølv, men Songen er meir enn det. Utan å forstå samholdet i eit lite samfunn vert fakta nakne og fryr i Vinden.

Engelskmannen Groom

Songens rytme er bølgeslag og knirking av årer. På vågsholmane budde ein engelskmann med kontaktnett til Europa. Han kjøpte hummar og laks. Groom selde daglegvarer og anna nyttige og unyttige ting. Vågsholmen i dag er ein fin badeplass der vatnet faktisk ofte er varmt. Takk Groom og humraparken hans for det. Å bada her i 1890 kunne medført smerter i stortåa, men du kunne kanskje få kjøpt deg ein salve mot smerta. Sjølve Humraparken vart bygd ca. 1839 og er ein av dei største og eldste i landet.

Torvald Øvrebø

Havets delikatesser vart skipa til fjerne havner. Det må ha vore ganske spanande tider. Groom må og ha vore nøgd med handelen. Då han selde bygningane i 1896 sikra han seg retten til å driva med handel frå «huset» i 10 år til. Kva som skjedde dei neste 10 åra er likevel noko usikkert, men når åra var omme starta Torvald Øvrebø med handel i Øvrebøvågen. Frå sjøhuset selde han mest daglegvarer som mjøl, salt og sirup men bøndene fekk etter kvart større behov når kraftfor og gjødsel kom på marknaden. Eit større vareutval sto og for døra. Her la Vågabuen gjerne handelsruta si til heilt fram til slutten i 1925, og gjerne til fots over heia. Vegar var det lite av og ned til Vågen var bakkane svært bratte.

Guttorm Trahaug

I 1922 vart Kaien og ein pakkbygning bygd på Tåganess. Ønsket om å starta med handel i nærleiken av

Kaien vokste, og ein tidleg maikveld i 1925 oppstod Austre Bokn Handelslag. Handelen forgjekk i kjellaren hjå Guttorm Trahaug som og var lærar. Det var ikkje lett å skulka for å gå å snopa i dei tider!!

Heilt frå starten vert det ytra ynskje om eige utsal ved Kaien, men den kvite klossen, «krambua», kom ikkje før i 1948. Det kosta 44.500 kroner å byggja, men den endelege forma fekk det i 1959 når eit bislag vart satt opp for å beskytta mot bitande nordavind.

44.500 kroner er lite i dag. Tenk og på alt dugnadsarbeidet som ligg, bokstavelig talt, som grunnmur for handelslaget. Med spett, slegge, steinbukk, hest og kjerre har arbeidet kosta slit og innsats. Mykje stein har gått med for å få grunnmuren på plass!

Jordbruksvarer

Med veg, Kai og handelslag var Austre Bokn godt rusta for tida som låg føre. Framsynte som dei var fanst det lagerplass for kraftfor og kunstgjødsel to plassar. Hå



Krambua ligg midt i Boknasundet med like stor avstand til Våga og Kro, og har vore eit midtpunkt på Austre Bokn i over 50 år. Bildet er tatt i frå gamlevegen.

Ragnvald Kro i Kro og Erik Øvrebø i Våga. Her var det mulig å oppbevare små kvanta som lett kunne fordelast til heile samfunnet. Det var og den sterkt auka handelen med varer knytta til jordbruket som verkeleg heldt livet i handelslaget. Kunstgjødsel var no allemannseie og prisane varierte kraftig med årstida. Boknaren er ikkje dum, så å kjøpa i mengder når det var billig krevde lagerplass.

Hatt stor betydning

Å vera liten saman med større er ikkje lett. Sidan 1948 har NKL hatt ønske om å slå saman dei to laga på Bokn. I 1989 skulle laget på Austre Bokn leggjast ned. Sidan den tid har laget tært på ressursene sine, og nå er det snart slutt. Likevel har eg en song i hovudet. For

Det ser nesten ut som at krambua stig rett opp av havbotten, men synet bedrar litt. Likevel måtte det ein del stein til, for utsalet måtte stå over flomålet!



austreboknaren har handelslaget hatt stor betydning. Eg kan høyra kva dei snakkar om, bonden frå Våga og fiskaren frå Øvrebø, der dei ser ut over et speilblankt sund. Eg kan høyra på ryggar så nesten blir knuste under vekten av ein svær stein som skal på plass som hjørnestein i grunnmuren. Hesten som nappar lett i blåklukkene som blomstrar utanfor inngangsdøra og pruste fornøyd, og lyden av ei skipsfløyte som varslar ankomst Kaien. Bli med å høyr på Songen om Austre Bokn handelslag.

Kaien

Me må starta med Kaien, sa Songen til meg. Han kviskra så sakte i Vinden. Og bøndene. Dei trengte Kaien til å få frakta nesten alt når ting blei større. Båtane blei større, mengden kraftfor blei større. Slaktedyr stod og her og venta på sin siste reise. Klart dei trengte Kaien.

Trahaugen var og viktig, sa Songen. Ofte stod han heime og såg for seg kor han ville ha handelslaget sitt nye utsalg. Med Kaien som nærmaste nabo. Det var jo her varene kom likevel. Akkurat der ville han ha byggeklossen sin. Det tok litt tid, men du sko sett når dei fyrst starta!

Dei stod der med ryggen bøyd under tunge løft, mennene på Austre Bokn. Grunnmuren steig sakte, men sikkert. Konene kom med mat og ungane skrålte. Men til slutt stod det ferdig og kunne innviast med brask og bram ein mørk novemberkveld i 1948. Sidan den tid har Vinden fulgt folk på handletur frå Våga og frå Kro.

Landemerke

Ein kvit Kloss som for Vinden er blitt eit landemerke når han farer gjennom sundet, det seier han i alle fall til meg, kviskrar Songen lågt til meg. Og landemerke for fleire, tenker eg for meg sjølv. Songen seier at Vinden



Handelslaget med kaianlegget. Leia nord til Kopervik og Haugesund kan ein sjå i bakgrunnen. Bildet er tatt i frå gamlevegen.

ikkje blei sur sjølv om han syntest det var litt trist når han blei litt hindra av bislaget i 1959, men nyhetene og sladderer fekk han jo med seg likevel. Litt voldsom



Tida går, men på Austre Bokn handelslag går tida saktare. Eivind Øvrebø og Ingunn Våge er nokre år eldre i dag, men akkurat som krambua held dei seg godt.

Arkivbilde 1995

kunne Vinden og vera til tider.

Møtestad

For med båtforbindelse blei Kaien ein viktig møtestad, sa Songen. Saman med Klossen sjølv sagt. Her møttest folk og nyheter blei spredte. Avtalar blei gjort og pikante avsløringar fekk bein å gå på! Vinden tar eit ekstra rundkast og songen ler med. Ikkje rart med sånne minner som flyr fritt i vinden, tenker eg med meg sjøl.

Vinden ruskar meg i håret. Han huskar godt ein liten guttunge med solbrent nase så gjekk for å kjøpa seg is sjå onkelen sin, sang Songen. Eg rødma lett og såg ner i vatnet. Du har vel rett i det, sa eg. Og med hest, og på traktor fortsatte Songen og smilte. Du har vel ikkje gløymt det?

Songen blir litt vemodig i stemmen. Den trengte ikkje seia kva han tenkte på. Mine egne minner fortalte det same. Ofte var Kaien og handelslaget det første eg møtte når ferien starta. Det oransje lyset gjekk faktisk innom dersom du spurte fint. Dette var før stresset med å arbeida kunne gjera vaksne sure. Og ofte var det det siste eg såg før eg reiste hjem igjen. Klampen i halsen var ganske stor då.

Siste vers

Men nå er det snart slutt, syng Songen. Vinden gjer eit kast med hovudet. Sånn er det bare med den saken. Bil, veg og bru. Eit voksande forbruk og ei mindre verd. No er handelen ein del av kvardagen og mennesket har fått det så travelt, seier Songen. Å gå på handletur er ikkje lenger eit høydepunkt i veka og møteplassane er flytta til andre arenaer. Men minnene kan me ta vare på, både du eg og Vinden, sa Songen, og rett er det.

Så neste gong vinden ular rundt hushjørnet, stopp opp og lytt. Songen om det som var kan vera vemodig og trist, men minnene stort sett glade og lyse. Ikkje grip fatt i Songen, men la den syngja sin duett med Vinden i frie kast. Kanskje du får vinger og kan svinga deg med i kasta. For minnene kan heldigvis ingen ta frå oss dersom vi lar dei leva vidare.

Så var det slutt på Bokn likningskontor.....

Jardar Havikbotn

Bokn ligningskontor er nedlagt. Gaute Kro skal ikkje lenger driva servicekontoret for Bokn. Den enkelte skatteytar i Bokn skal nå forholde seg til Servicetorget på Boknatun.

Likningsetaten har gjennomgått ein omstillingsprosess i to år nå, og Gaute har som kjent periodevis vore borte frå kontoret i Bokn. Han skal synnsynlegvis vera på servicekontoret i Aksdal dei neste to åra, der han også skal vera med å likna jordbruk.

- Kor vegen går etter det er usikkert, fortel Gaute, som no får tittelen rådgjevar. Han har vore likningssjef i Bokn 01.07.1976 - 01.03.2002, og mange boknarar vil nok savna ekspertisen og hjelpa hans.

Hovudkontoret for distriktet er nå Haugealand Ligningskontor og folkeregister i Hagesund. Dersom du ringer 815 32 666 (skatteetaten) får du beskjed om å tasta inn 1 for folkeregister, 2 for skattekort og 3 for andre henvendelsar. Du får så beskjed om å tasta inn postnr. ditt og sett over til nærmaste ledige servicekontor, sannsynlegvis til Hagesund. Særleg for eldre og folk som ikkje er så vane med/likar å snakka i tlf. er dette eit problem. Vanar er vonde å venda, og fleire blir svært usikre når dei ikkje får høyra kjende stemmar i andre enden av telefonlinja.

Kontoret i Bokn

Til årets forenkla sjølmelding vil Gaute likevel vera på



Gaute på sin siste arbeidsdag som likningssjef i Bokn, 28. februar 2002

kontoret i Bokn i ein 14 dagers periode frå 15. april. Han vil då ta i mot og gi veiledning til årets sjølmelding, ikkje sitte og skriva dei for folk.

Inntil vidare er kontoret fortsatt leigd av skatteetaten, og det blir i skrivande stund jobba med å laga til eit tilfredsstillande tilbod til boknarane. Dette vil Bygdabladet koma tilbake til.

Påskeharen

"Oppover vant haren, men nedover tapte jeg," sa mannen.

Påskeharen, et eventyr fra gresk myologi

Kjempen Orion var en jeger som ikke sparte noen dyr, men drepte alle han kom over.

Han ville utrydde alle dyrene på jorden, derfor skapte han frykt og redsel der han for fram. En vårdag hadde en liten fugl laget redet sitt i gresset og lagt eggene sine der. Da kom Orion og trampet ned og knuste både redet og eggene til den lille fuglen. Fuglen gråt og sørget over eggene sine. Vårens gudinne Ostara

hørte det og spurte hvorfor den lille fuglen gråt så sårt.

- Orion har trampet i stykker eggene mine og jeg tør ikke legge nye så lenge han er i nærheten.

- Jeg skulle ønske jeg var et annet dyr, sa den lille fuglen,- jeg skulle ønske at jeg var både rask og lur slik at jeg kunne lure Orion. Det syntes Ostara vel om, og hun skapte fuglen om til en hare.

Haren hoppet og bykset rundt og takket fro at han var blitt forvandlet. Men Orion fortsatte å drepe alle dyr han kom over. Haren ble en dag kjent med en liten og en stor bjørn. Sammen bestemte de seg for at de ville forsøke å drepe Orion.

Framhald på neste side

KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir utheva eller understreka kvar gong -

MARS

- 21.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 22.: Kulturkveld på Bokn bedehus 19.00 - arr. Bokn Mållag og bedehusstyret
- 24.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 24.: Konsert på skulen - arr. Musikkorpset
- 24.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - Frelsesarmeen
- 25.-
- 27.: Rideleir Krovågen Hestesenter - arr. BORK
- 28.: Gudsteneste kl. 11.00
- 31.: Gudsteneste kl. 15.00

APRIL

- 01.: Påsketreff med gymkhana, rideknapp og eggkoking på Ognøy - arr. BORK
- 04.: Knøtteridekurs med shetlandspionny hver torsdag i april kl. 17 - arr. BORK
- 04.: **Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Musikkorpset**
- 05.: **Irsk aften på sjøhuset - arr. BIL går ut**
- 06.: Hovslagerkurs med Raymond Pollestad - arr. BORK
- 07.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 07.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - Sjømannsmisjonen
- 11.: **Albert Åberg på skulen kl. 18.00 - sjå siste side!**
- 11.: **Kontakt møte på Bedehuset kl. 19.30**
- 13.: **Bamse & Eddy spelar på Sjøhuset kl. 20.00. Billetter kr. 140,- kontantsal i Alvestadkroken Landhandel frå 30. mars**

- 13.-
- 14.: Sprangkurs med klubbstevne på Ognøy - arr. BORK
- 14.: Alle søndagsskulene er inviterte til felles utflukt til Moster, for å vera med å synga i Tore Thomassens musical "Guds Venner"
- 14.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - Misjonssambandet
- 17.: Basar på skulen kl. 19.30 - arr. Sjømannsmisjonen
- 18.: **Soknerådsmøte kl. 19.00 på Bedehuset**
- 18.: **Radio innante - sjå siste side!**
- 19.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - ABR-senteret
- 21.: Gudsteneste kl. 19.00 - Samtalegudsteneste
- 25.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 26.: Kampen om Vikingskipet - speidartroppa si nattpatruljering
- 28.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 28.: Vårsleppet - arr. BIL
- 28.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - Muhamedaner-misjonen

MAI

- 02.: Knøtteridekurs med shetlandspionny hver torsdag i mai kl. 17 - arr. BORK
- 09.: Kaffimøte på bedehuset kl. 15.00 - Frelsesarmeen
- 12.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 17.: Gudsteneste kl. 10.30. Barneridning og køyring med hest på skulen - arr. BORK
- 18.: **Dans på skulen - arr. Bokn Idrettslag & Bokn Røde Kors**
- 19.: Gudsteneste kl. 15.00
- 20.: Fellesgudsteneste i Haugesund
- 25.-
- 26.: Kretsleir for ulvungar og meiser på Blikshavn, Karmøy
- 26.: Gudsteneste kl. 11.00
- 26.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - NMS
- 29.: Basar på bedehuset kl. 19.30 - arr. Bokn sanitetsfor.
- 30.: Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 30.: **Soknerådsmøte kl. 19.00 på Bedehuset**
- 31.-
- 02.06.: Speidartroppstur til Vågholmen

JUNI

- Kurs i horsemanship, Krovågen Hestesenter
- 02.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 02.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - Gideon
- 06.: Knøtteridekurs med shetlandspionny hver torsdag i juni kl. 17 - arr. BORK
- 09.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 09.: Møte på bedehuset kl. 19.30 - Normisjon
- 16.: Friluftsgudstenestene i Loden kl. 11.00??
- 20.-
- 25.: Bokn musikkorps' juniorkorps på Danmarkstur
- 23.: Jonsokfeiring i Ognahabn - arr. 1. Bokn KFUM- Bokn 1. KFUK
- 29.-
- 06.07.: Valebø 2002 - Speidarlandsleir på Valebø ved Skien
- 30.: Bruamarsjen - arr. BIL

JULI

- 01.: Turridding - arr. BORK
- 13.: Marknadsdag i Krojen kl. 10.00

AUGUST

- 24.: Distanseritt på Ognøy - arr. BORK

Påskeharen - framhald frå forrige side

De ba jordens mor Gaia om hjelp, og hun sendte dem en skorpion. En dag mens Orion sov, stakk skorpionen ham og han døde. Gudinnen Artemis så hva som hadde hendt, og hun sørget så over Orion at hun ville gjøre ham udødelig på sin måte.

Hun satte ham opp på himmelen som et stjernebilde. Skorpionen og de to bjørnene fikk også hver sin plass på stjernehimmelen.

Den lille haren fikk leve videre på jorden, men etter sin død ble den plassert ved orions føtter på himmelen. Da Orion var død, jublet alle dyrene, nå kunne de leve i fred for den slemme jegeren. Neste vår ble harepus trist og lei seg, han savnet å kunne legge egg slik som før. Dette fikk Ostara høre, og hun ville glede den lille haren.


-Du skal få en gave av meg, sa hun.

– Hver vår skal du kunne legge tre egg, et rødt, et grønt og et blått.

Da ble haren glad igjen, og slik har det seg at haren legger egg til påske.

Visste du at – haren får årets første unger før snøen er gått. De kalles skarunger.

Fra boka Påsketradisjoner av
Kari Filberg og Bjørg Lundebø



GYMSALTMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Måndag	Fotball 11-12 år Bokn Musikkorps	16.30 - 18.00 20.00 - 22.00	Gunnar Bokneberg Lillian Grønnestad
Tysdag	Barnetrim Fotball, A-lag Aerobic	16.15 - 17.00 19.00 - 21.00 21.00 - 22.00	Marianne Lie Alvestad Kjetil Hamre June Kro
Onsdag	Fotball 7-8 år Badminton Volleyball, vaksne	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30 20.00 - 22.00	Jan Kristian Jøsang Bufellesskapa i Bokn Rita Jensen
Torsdag	Bokn Musikkorps (inkl. kjøkken og musikkrom) "Linedance" i partalveker	17.00 - 19.00 <u>20.00 - 22.00</u>	Lillian Grønnestad <u>Marianne Lie Alvestad</u>
Fredag	Badminton Fotball, A-lag	17.30 - 19.00 19.00 - 21.00	Bufellesskapa i Bokn Kjetil Hamre



BOKN IDRETTSLAG INFORMERER

Det nye styret i Bokn idrettslag ser slik ut:

Formann: Rita Jensen
 Nestleiar: Rune Vatnaland
 Kasserar: Marianne Alvestad
 Ungd.kontakt: Roy Magnus Tjøsvald
 Sekretær: June Kro
 Koordinator: Kjerstin Andersen
 Varamedlem: Alf Åge Alvestad
 Styremedlem: Steeven Høyland måtte trekka seg pga. for mange jern i ilden, Gunnar Solberg er komen inn i hans plass.

Laurdag 2. februar hadde me **Country- og swingaften** på Arsvågen. Det blei fullt hus og svært god og triveleg stemning. Det var kjekt å vera vakt denne kvelden. Takk for eit fint samarbeid med Nina, Lars Jakob og Leif. Håpar me kan gjenta dette til neste år.

Laurdag 9. februar var me 7 stk. som reiste til Tysvær på **nattvolleyballturnering**. Det gjekk ikkje så bra resultatmessig, men kjekt hadde me det. Tenk om me hadde vore fleire, så kunne me stilt med to lag, me kunne og trengt ein heiagjeng.

Søndag 24. februar arrangerte me **bingo** på skulen med middels oppmøte, men dei som var med hadde da større vinnarsjansar. Det var kanskje litt uheldig å ha bingo i skulen sin vinterferie. Me gratulerar alle som vant.

Irsk Aften 5. april på Sjøhuset er **avlyst**, i staden har me invitert "Bamse og Eddy" til Sjøhuset laurdag 13. april. "Bamse og Eddy" er to lokale artistar frå Haugalandet. Dei spelar det meste av god dansemusikk. Billettane blir lagt ut for sal hjå Alvestadkroken land-

handel laurdag 30.mars kl. 09.00, og hugs kun kontantsal. Billettpris kr. 140,-


Ingebjørgs gode fiskesuppe får du for kr. 60,-

NB! Aldersgrense 20 år.

Velkommen til ein triveleg kveld på Sjøhuset laurdag 13. april kl. 20.00.

Har de sett dei flotte genserane til Bokn idrettslag. Umbro collegegenser, rød med BIL.logo og sponsorlogo Intersport. (Små logoar) Kun kr. 200,- uansett størrelse. Ta kontakt med Rita på tlf. 52 74 84 79 om du er interessert.

Bokn idrettslag sitt klubbhus.



Det begynner å komma inn sponsormidler i frå våre lokale bedrifter til klubbhuset.

Desse er :

A. Olufsen Skipsservice
AS Grieg seafood

Flott! Tusen takk!



Vedtekter for kyrkjegarden i Bokn



Vedtekter for kyrkjegarden i Bokn

Jfr. Lov av 7. juni 1996 nr 32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) § 21.

Forslaget vedteke i Bokn Sokneråd 19.9.01

Godkjent av Stavanger Bispedømmeråd 14.11.01

Endeleg vedtak i Bokn Sokneråd 6.12.01

§ 1 Kyrkjegardstillhøyring

Alle som bur i kommunen har rett til fri grav, dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

§ 2 Fredningstid og festetid

Fredningstid for urnegraver er 20 år

Fredningstid for kistegraver er 40 år

Festetida er 20 år

§ 3 Feste av grav

Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute kan gravstaden festast for nye 20 år. Når det er gått 80 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå soknerådet.

Frigraver kan festast inntil 2 gonger ut over fredningstida, kvar gong med 20 år.

Festaren skal bli varsla i god tid før festetida er ute. Vert ikkje festet fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom det er uråd å få samtykke, kan soknerådet avgjera spørsmålet om gravlegging.

Festaren plikta å melde frå om endring av adresse.

§ 4 Grav og gravminne

Kyrkjegardsarbeidarane vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Det skal ikkje setjast opp gravminne før det er gått minst 6 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida vil grava vere merk med namnet til den avlidne.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som er teken i bruk, og sentrerer det på gravstaden etter neste gravlegging. Gravminnet skal vera i samsvar med forskriftene til gravferdslova kap.3.

§ 5 Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det skal ikkje vere breiare enn bredda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som er høgare enn gravminnet, eller går ut over plantefeltet. Eventuelle lause dekorgjenstandar vert sett opp på eige ansvar og skal fjernast etter bruk. Det er ikkje høve til å ramma inn grava eller deler av denne med hekk eller daudt materiale. Plantefelt kan rammast inn med ein delt natursteinskant som fluktar med terrenget rundt. Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

§ 6 Plantemateriale

Planter, kransar og liknande som vert nytta ved gravferd, eller ved pynting av grave, og som endar som avfall, bør vera heilt komposterbart.

§ 7 Stell av grav

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfesta har rett og plikt til å stella den grava han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta eller stelt kan tilsåast av den ansvarlege eller dei som har ansvar for kyrkjegarden. Eigar av gravminne har og ansvar for at dette ikkje er i forfall, til sjenanse eller fare for dei som ferdist på kyrkjegarden.

§ 8 Bevaring av grav

Soknerådet kan i samråd med pårørande gjera vedtak om at graver og utstyr skal bevarast. Soknerådet tek då på seg ansvar for vedlikehald og eventuell planting.

§ 9 Bårerom

Soknerådet disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på den avlidne i tida fram til gravferd. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 10 Næringsverksemd

Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på kyrkjegarden skal ha løyve frå soknerådet. Løyvet kan kallast tilbake om vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver. Alt arbeid på kyrkjegarden mellom kl. 21.00 og 06.00 er forbode.



Kyrkjevevja orienterer

Dei nye kyrkjegardsvedtektene for Bokn finn du midt i bladet denne gongen. Dei er sett der for at du som brukar kan ta dei ut og ta vare på dei.

Ny gravferdslov.

Dei nye kyrkjegardsvedtektene er i stor grad dei same som før, dei er berre tilpassa den nye gravferdslova med vedtekter, som tok til å gjelde frå 1.1.97. Den mest vesentlege endringa er at det nå er fellesrådet (i Bokn soknerådet) ved kyrkjevevja som har ansvar for forvaltning av kyrkjegarden.

Val av gravminne

Lova og forskriftene gir svært detaljert beskrivelse av korleis gravminnet skal vera. I tillegg til desse kan og bispedømmerrådet gi forskrifter. Den som er festar for ei grav skal søkje soknerådet om løyve til å setje opp det gravminne ein har tenkt. Dei som sel gravminne skal kjenne til lova og forskriftene, men i praksis har det vist seg at dette ikkje alltid er tilfelle. Om nokon er i tvil om noko vil det alltid svara seg å ta kontakt med kyrkjevevje.

Oppsetting av gravminne

Det gravminne som er vald skal sikrast forskriftsmessig med boltar. Ein annan ting det er vert å minne om er at gravminnet ikkje må setjast opp for tidleg. Vedtektene seier minst 6 månader. Om gravminnet vert sett opp for tidleg, kan det lett sige, og må rettast opp. Kyrkjevevja har registrert at det på kyrkjegarden i Bokn er fleire gravminne som er skeive, og/eller ikkje er sikra på rett måte. Festarane til desse gravene vert oppmoda til å ta kontakt med leverandør av gravminne for å få desse sikra/retta opp. Ein må heile tida ha klart for seg at det er festar av ei grav som har ansvaret for både gravminne og stell av grava. Igjen: om nokon er i tvil om noko, ta kontakt med kyrkjevevja.

Håndballglade boknarar

Den flotte idrettshallen i Tysværtunet på Aksdal får fast besøk av boknarar på mandagar og torsdagar (begge dagar kl. 18.30 - 20.00). På torsdagane trenar 15 års laget, der Sigrunn Hole Hosaas er hjelpetrenar (og sjåfør) på andre året. Boknarane som er med der har vore med i tre år. Dei spelar kampar i både helger og i treningstidene. Samholdet i laget er godt og ungdommane har det kjekt saman.

- Fleire boknarar er hjerteleg velkomne, avsluttar Sigrunn.



Boknarar på håndballaget (15 år) til Falkeid: bak th. Therese Våge og foran th. Kristiane L. Mikkelsen ved sida av Guro Nygaard

Foto: Tysvær Bygdeblad

Falkeid har også 13 års lag (mandagane), 11 års lag som trenar i Tysværvåg, og vurderer også 11 års lag. Sonja L. og Brent Mikkelsen (Kiwi) er trenarar for 13 års laget saman med Jan Inge Surnevik. Kiwi har både spele- og trenarerfaring frå Bergen.

Sonja fortel at det ikkje er mange nok i Bokn til å dan-
na lag, og det bør vera ni stk. på eit lag.

Er du interessert i å spela håndball i Tysvær tar du kontakt med Sonja, uansett lag.



13 års laget til Falkeid: Kristiane Mikkelsen bak th. Ho er også reserve på 15 års laget.

Foran th. Hanne Marte Vatnaland ved sida av Linn sæbø

Foto: Reidar Bagne

Frå barnemunn:

Skapelsen

Skapelsen handler om hvordan små barn blir skapt. Den første som ble skapt, var Adam, og fordi Gud manglet en kvinne, opererte han et ribben ut av Adam som ble kvinne.

I starten måtte de spinke og spare, for det var ikke skapt korn og poteter ennå, og til klær hadde de bare noen fikenblad på de dertil innrettede steder.

De fikk fort et par tvillinger som het Kai og Abel, og litt senere slo de hverandre i hjel. De viser oss altså noe om at det har vært vold i verden helt fra Arvids tid.

Alt dette om skapelsen er nesten et trosspørsmål. Det kan ikke bevises, for det eneste de har funnet fra den tiden er en forvridd fot.

Andre mener at de første menneskene var aper som bodde i trær og levde av epler og pærer. Istedenfor redskaper hadde de tenene sine som de brukte både som hammer og sag og knipetang.

Da apene ble litt mer utviklet, kom de ned fra trærne, reiste seg opp på to og ble til folk. I hæren finnes det fortsatt noen som går på denne måten.

No er det lenge sidan eg gjette mor si ku

No er det lenge sidan eg gjette mor si ku,
Då var eg sped og liten, eg minnest det ennu.
Den tid var jorda mindre, men mykje meire god,
Eg såg til verdas ende då eg oppå fjellet stod.

Då var det ingen sorger, då seljefløyta låt,
Når gauken gol i lia og kua gjekk og åt.
Eg hørde bjøllas ekko i veggen av eit fjell,
Eg trudde det var huldra, som var der med sitt stell.

Og kom det regn og tåka og eg vart våt som dy,
Eg brukte far si trøya, og ikkje paraply.
Når kua då gjekk roleg, då kunne det gå an
Å berga seg for regnet og stå under ei gran.

Eg gjekk på flate tresko som hang i busk og brask,
Då var det ikkje farleg å trø på noko kvasst.
Eg brette gjerne buksa til opp under kne,
Som den gong var på moten for den som gjette fe.

Og når eg så vart svolten, som hende ein og annan gong,
Så kom ho mor med maten og sette på mitt fong.
Då åt eg så fornøyeleg med tolekniven min
Eg bruka ikkje gaffel – nei slik unyttig ting!

I far og mor si hytta der sov eg no så godt –
Eg ville ikkje byta med kongen i hans slott!
No har eg sidan leve i femti lange år,
Men aldri så fornøyeleg som i min barndoms vår!


Denne songen har Marie Vågshaug skrive ned etter mor si Ingrid Thorland som opprinneleg kjem frå Yrkje. Ingrid er nå 79 år gamal, og denne songen er ein av fleire songar, rim og regler ho hugsar frå barndommen sin.

Marie Vågshaug som er medlem av Bokn mållag, har skrive ned fleire av desse songane til mållaget, og me vil etter kvart presentera fleire.

Marie fortel at ho også har høyrte denne songen i radioen og av ein eldre mann i Bokn, då i ein annan tone og litt endring i deler av teksten.

Også på Dagsenteret for eldre i Bokn driv dei og skriv ned rim, regler og songar som dei eldre hugsar. Solveig Ellingsen har alt skrive ned nokre av desse, og me vil sikkert koma tilbake til nokre av dei.

R.A.



Vårtegn

* Spretter bjørka tidlig, blir sommeren god.

* Kommer gåsungene tidlig, blir det sein vår.

* Når gauken gol på svart skog, skulle det bli uår.

* Når gauken og påsken kommer tidlig, blir det sein vår.

* Ser man orm tidlig, skal våren bli hard.

Palmesøndag

* "Palmesøndag klår, betyr et godt år," sa de i Nord Norge

* Regn på palmesøndag varslar en regnfull sommer.

* Pent vær gir et godt år.

Skjærtorsdag

* Er det kaldt natt til skjærtorsdag, blir det kaldt i syv uker.

* Er denne dagen mild skal kornet ikke fryse.

* Slik denne dagen er, skal våren bli.

Langfredag


* Skinner sola så lenge langfredag at man kan sale hesten, ble det fint vær i syv uker.

* Langfredag klår, gir en mild vår og et godt år.

* Er det sønnvind den dagen, blir det stor vårflom. Er det nordavind, skal det bli en sur kald vår, men liten flo

* Snø langfredag ville gi mye klegg om sommeren.

Frå boka Påsketradisjoner av Kari Filberg og Bjørg Lundebø





Informasjon fra Bokn Sanitetsforening

Nå nærmer det seg mai mnd. igjen. I fjor lot Saniteten 10. klasse selge maiblomster for oss. Men det var desverre mange av våre støtte-spillere som ventet på damene i Saniteten. Nå har det seg slik at stadig flere av oss går i arbeid, og da synes vi at en skoleklasse kunne få tjene noen kroner til klasseturen var greit. Så i år har 9. klasse sagt ja til å gjøre dette for oss. De skal på en spennende og utfordrende tur, håper de får det kjekt. Vi håper dere tar godt imot de, og støtter både Saniteten og ungdommene i arbeidet.

Samtidig vil vi opplyse om at fra Påske vil vaflene på Torsdagstreffet stige til kr. 15,- for voksne og kr. 5,- for barn. Vi takker de frivillige som stiller opp gratis for å steike vafler, slik at Torsdagstreffet kan fortsette. Er det flere som vil være med, er det bare å ta kontakt med en av oss. Har du lyst å være med i en av foreningene våre kan du også ta kontakt. Vi tar gjerne imot deg.

I fjor kjøpte Saniteten en dampvasker til utlån, den er fortsatt klar til vårrengjøringen. Enkel og uten kjemikalier. Pris pr. døgn kr. 100,- for medlemmer og kr. 200,- for ikke medlemmer.


Verpehønetanker

Å være ei høne med verping som fag,
og legge et egg hver eneste dag
er ikke så enkelt, det vil jeg ha sagt.
En skulle vært hane med staskam og prakt.
Da skulle en stemt i et kykkeliky
og spankulert rundt med nebbet i sky.
Men høner har aldri hatt stønner til slikt.
En får legge et egg og gjøre si plikt.

Margaret Skjelbred

"Når man spiser egg,
må man knuse skallet,
ellers blir man ikke gift"

*Frå boka Påsketradisjoner av
Kari Filberg og Bjørg Lundeby*



Bokn Sauealslag hadde årsmøte 05.12.2001

Nytt styre:

Gunnar Bokneberg, leder
Jens Morten Vatnaland
Louis Medhaug
Jan Are
Jarle Grønnestad

Me hadde besøk av Sigmund Skjæveland styre-medlem i Rogaland Sau og Geitealslag som orienterte om dei sakene som blei prioritert på Fylkesplan. (Eksport av lammekjøtt, semin, kompetansesenter, medlemsverving, fjelldagane, kontingent og landbruksplan)

Laget vil også i 2002 betale ut skuddpremie på rev. Årsmøte avsluttet med ein runde på innspel til landbruksplanen.

Rideleir på Krovågen hestesenter

I vinterferien var 9 hestefrelste jenter samlet til rideleir på Krovågen Hestesenter. Leiren ble arrangert av Kari og Olav på hestesenteret i samarbeid med Bokn Ride- og Kjøreklubb (BORK). Hestevett, sikkerhet, gangartstrening, sits og balanse på hesteryggen, stallarbeid, foring og "temming" av føllene var noen av aktivitetene som sto på dagsorden.

Hestesenteret har nå 17 islandshester og shetlandspannier, og er nettopp ferdig med bygging av ny ridebane og en temmingsbane for unghester. Innredning av ledig areal på låven med undervisningsrom og varmetue for rytterne er neste skritt på veien mot et fullverdig hestesenter i Kro på Austre Bokn.



En blid og engasjert gjeng med unge ryttere på ridebanen sammen med islandshoppa Dimma fra Vikingstad.

Fv. Anja, Silje, Eline, Marie, Åse, Irene, Veronica, Karoline og Lillian.

Velkommen til stort Søndagsskolestemne

på Moster Amfi den 14. april



Stor hoppemadrass!

søndagsskolekretsens regi på Moster Amfi.

Det blir mange forskjellige aktiviteter for barna i og rundt Amfiet, og det hele skal avsluttes med en gedigen søndagsskolekonsert, der vi får både se og høre litt om det som søndagsskolebarna har lært dette søndagsskoleåret i søndagsskolen.



Tore Thomassen har nemlig laget en musikal som følger tekstene dette søndagsskoleåret, og alle søndagsskolene i kretsen er blitt utfordret til å øve inn sangene.

Det forventes mange hundre barn og voksne som samles til felles avslutning av søndagsskoleåret i år, og vi ser frem til et inspirerende og fint arrangement som altså er i



Joffen & Kanille kommer også!

Vi har engasjert et barnekor, "Gledesbudet" fra Stord til å hjelpe oss, og to dramagrupper skal visualisere innholdet i sangene. Solist-rollene blir delt mellom dramagruppene og "Gledesbudet", og alle søndagsskolebarna som har øvd på noen av disse sangene, vil bli invitert frem, slik at de får være med i fremførelsen.

Vi vet at mange har øvd flittig, og vi er veldig spente på hvor **mange hundre** barn som blir med i dette koret.

På denne måten får vi en fin opplevelse og sam-mendrag av bibelfortellingene som barna har lært dette søndagsskoleåret.



Kari Hetland fortel til Bygdabladet at til denne familieutflukten går det buss fra Bokn Bedehus søndag 14. april, og interesserte kan melda seg på til Ingunn Are eller henne.

Ho røper også at med på lasset blir ein tilhengar full av aktivitetsutstyr som Norsk Søndagsskoleforbund har anskaffa seg, med mykje spennende, som m.a. *karamellkastar, bowling, kasta på boks, fallskjerm, kjempemakado, stor hoppepute, kryptetunnellar og oppstillingsplass for gøyale fotografering.*

Altså er her duka for mykje lek og moro. Dette blir skikkelig spennende.....

Program:

Kl. 12.00	Stor fellesøvelse.
Kl. 13.00	Lek og moro.
Kl. 15.00	Konsert.


Alle som ynskjer å vera med å syngja må møta i god tid før kl. 12.00 til fellesøvinga

Pris:

Kr. 50,- pr. stk. (lik pris alle)
Maks kr. 200,- pr. familie.

Det blir oppfordra til å ha med egne nistepakker, men det blir også høve til å nytta seg av amfiets kafé, men de må i så fall rekna med stor kø.

*Bokn Bygdablad
ynskjer alle lesarane
sine ei riktig god påske!*



MINNEORD

Eiliv Vatnaland er død, 66 år gammel.

Han var fødd og oppvaksen på Trosnavåg. Foreldra var Elise og Elisæus Vatnaland. Eiliv var yngst i ein syskenflokk på ti.

I yngre år var han ein del på fiske. Då fisket vart dårlegare overtok han heimegarden.

Han arbeidde og i mange år på Bokn Plast. Etter at han fekk sukkersjuka måtte han trappe ned. Det var garden og sauene Eiliv arbeidde med like til han brått døydde i ei trafikkulykke.

Eiliv hadde et utruleg godt minne. Han hugsar mykje som han hadde høyrte fortalt eller lest om frå gamle tider.

Han var glad i å lesa, var også intresert i slektsgransking og musikk. Sjølv spela han trekkspel.

Eiliv var gift nokre år og etterlet seg ei dotter frå den tida.



En av fordelene med å bo i en liten kommune.....

- småbarnsmor "slått ned" på Bokn - av høy feber, forkjølelse og bihulebetendelse -

Ja, slik oppleves det når virus herjer og turer fram. Når man i tillegg er alene med 3 små fordi at pappen er på sjøen og vi i tur og orden blir sjuke - ja, hva gjør en egentlig da? Er du så heldig, ja, jeg bruker ordet heldig og bo på en liten plass som Bokn så er det faktisk hjelp å få. Det fikk jeg oppleve.

Tordag i forrige uke begynte eldstebarnet med høy feber. Det var tomt for Paracet for barn på butikken så jeg ante at her ville det bli et lite problem. Tidlig lørdag morgen var samtlige av oss 4 med feber. Jeg tok en tjangs på at landpostbudet var tidlig på jobb i Aksdal Postkontor og spurte om det var mulig å kjøpe 2 pakker med Paracet på apoteket før levering av post til Bokn. Det var ingen problem. Senere stod hun blid på trappa mi med både post og tabletter og sa: "Eg lika å hjelpa eg" - Jeg tenkte, hvor ofte hører man det i dag?

Etter å ha sprunget opp og ned trapper med solbær-saft, raspet eple (kaldt fra kjøleskapet - det er så godt for en sår hals) og den berømmelige paracetten, mens jeg selv dampet av svette var jeg mandag morgen fullstendig utslitt. Da ringte jeg kommunen om de kunne hjelpe. På under en time fikk jeg en telefon fra ei blid dame i bygda som kunne komme og hente de tre små

så jeg kunne få kvile. Barna var mye kvikkere og syntes det var kjekt å være med etter å ha vært i "asyl" med mor fra torsdag til mandag morgen. Lege kom en tur innom da jeg ikke klarte å komme ned til kontoret selv. Han stilte diagnosen som nevnt ovenfor. Han gikk kl 14. og lovte og få tablettene bestilt så snart som mulig.

Etterpå bestilte jeg varer fra butikken som de sa de kunne sende med en av sine ansatte da hun skulle hjem for dagen. Jeg nevnte også muligens at medisiner var på vei til meg.

Klokka 17.15 stod en dame fra butikken i døra med både varer og medisiner.

Så her sitter jeg takknemlig og fremdeles med feber - barna er i seng og blir hentet i morgen tidlig.

Når vi leser om store kommuner og deres problemer med å "fange opp" mennesker som trenger hjelp på ulike vis så er det godt å oppleve å få hjelp i rette tid slik som jeg har fått i bygda.

"Englar finns dom"? - Det er mange engler rundt oss - ser du dem eller opplever dem si det til dem hva det betyr det de gjør.

- takknemlig -

Jmf. ordføreren sitt siste avsnitt på s. 2

Årsmelding 2001 for speidargruppene 1. Bokn KFUM - Bokn 1. KFUK

Medlemsutvikling

Eit fint kull med ulvngar og meiser byrja i år og. Mest alle som gjekk ut av ulv og meis fortsette i speidaren. Dessutan fekk me og nokre nye direkte inn i speidartroppa. Talet for vaksne har og auka. Med stort og smått, gamalt og ungt, tel nå flokken 87.

	2001	2000	1999	1998	1997	1996
Ulvungar & meisar	18	20	18	15	18	20
speidarar	36	28	21	21	35	41
R/R & leiarar og vaksne medl.	33	27	26	26	28	19
Sum medl.	87	76	65	62	81	80

Speidartroppa sine aktivitetar

Patruljemøter - 17 stk.

Speidarane hadde 17 patruljemøter, 10 på våren og 7 på hausten. Patruljene har vore mykje ute dette året. Gutane har halde seg mykje i skogen ovanfor loshytta, der dei mellom anna held på med eit lite kraftverk i ein bekk.

Førarpatruljemøter og turar - 9 stk.

19. - 20. januar var førarpatrulja tradisjonen tru på kurs/ arbeidsmøte på Sandbekken der patruljemøtene for våren vart planlagde. Møtene ellers går og ein del med til palnlegging og rapportering, men og med god plass til sosialt samvær. Me kan nevna temaer som Bindebukk - Bowling - Pizzakveld osv.

Troppsmøter/arrangementer - 12 stk.

Speidarane har arrangement for samla tropp ca. ein gong kvar månad

Den 9. januar var det som vanleg juletreffest saman med ulv og meis i skogen. I februar var det speidarbasar, i mars eit vanleg troppsmøte ute i naturen. I april hadde me Kampen om Vikingskipet, den årlege patruljekonkurransen. Gjester i år vart speidarane frå Vats. Troppsmøtet i mai gjekk med til å øve kanopadling. For helga 1. - 3. juni var troppa på kanotur i Storavatn i Tysvær.

Tradisjonen tru hadde speidarane karusellkjøring og koisksalg 17. mai. Jonsokfeiringa vart og gjennomført på ein fin måte med dei vanlege aktivitetane i Peralia.

Hausten byrja med troppstur med M/S"Elida" 24. - 26. august. For å fylla opp skipet gjekk turen saman med Tysværvågspeidarane. Vidare fortsette troppsarrangementa med leirbålskveld i september. 8. - 9. sept deltok speidarane på Kretshaiken i Haugesund. 2. - 4. november var troppa på tur til Vigdarheim. Opptaksfest

hadde me seinare i november og i desember var det som vanleg juleavslutning.

Troppa har blitt leia av John Øvrebø assistert av May Jorunn Vatnaland og Anette Lundervold og Tor Harald Alvestad. Dessutan har Nils Bjørn Nilsen vore til god hjelp. På turane stiller roverar og rangerar sterkt og hjelper til.

Ulvunge- og meiseflokken sine aktivitetar

Ulvungane og meisane hadde møter annankvar veke - i alt 18 samlingar. 4 av desse var saman med speidartroppa. Det var juletreffest, speidarbasar, leirbålskveld og juleavslutning. Ellers hadde dei møter med temaer som brann og fyrstehjelp, rebussløp, primitiv mat, fuglekassar, hengekøyer, setja opp telt og pakka sekk, grillfest, apebru, haust i naturen, hinderløp, opptaksfest, laga julegave.

18. - 20 mai var flokken på kretsleir på Blikshavn. Bokn var saman med Rossabø arrangør for leiren. Og dersom det er nokon som ikkje har fått det med seg: **Meisene frå Bokn vart kretsmeistrar i 2001.**

28. - 29 sept. hadde me flokketur til Rønningen.

Nevnast spesielt må og opptaket denne hausten som vart gjort på bispevisitasfesten. Me var nokså nervøse, men samtidig svert krye. Og biskopen vart som seg hør og bør teken opp som æresmedlem i flokken. Det sette han stor pris på.

Flokken har blitt dreven av Solveig og Eivind og May Jorunn og Leiv. På turane har rover og rangerane stilla sterkt.

Rover/ranger-laget sine aktivitetar

R/R-laget stiller alltid sterkt når speidartroppa skal på leir og turar, og det er heilt nødvendig med frisk innsats frå dei for at desse arrangementa skal verta vellukka. Stor takk skal dei ha for flott innsats.

Gudstenestar

Speidargruppa deltok i gudsteneste med løftefornyng den 1. april og lysmesse den 2. des.

Takk!

Me vil takka dykk alle som støttar speidaren både økonomisk og praktisk - og ikkje minst i forbøn. Og me vil takka for framifrå godt samarbeid med foreldra. Må Gud signe dykk alle.

Ver helse med Ordspr. 22, 6.: Lær guten den vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han vert gamal.

Bokn, den 7. feb. 2002

Leiv Våga
gruppeleiar



VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

Denne månaden har Rakel Alvestad og Hanne Marte Vatnaland skrive bokmeldingar for Bygdabladet.

HUNDEGALSKAP

av Anne B. Ragde

Dette er ei bok om Lilli, søskenbarnet hennes Johannes og Lilli's hund; Felix. Johannes og Lilli er på veg til å bade ein varm sommardag. Så sykklar dei forbi gården som Johannes sin kvalp, Mikki hadde vore innestengt i, i eit bagasjerom i ein gjødselkjellar.

Johannes er veldig nysgjerrig etter korleis den søte, stakkars Husky kvalpen hans har sitte med sine 2 søsken i 3 veker uten mat og uten vatn. Så dei sykklar til den forlatne gården, bind Felix fast i eit tre i skuggen og går til huset. Når dei kjem til fjøset finn dei mykje som tyder på at det har vore "hundebingar" der. Så høyrer dei ein bil utanfor. Dei spring til vindauga og kikkar ut på ein raud bil. Den står der ei stund, så køyrer den igjen. Lilli spring ut til Felix, men Felix er borte!!!

Dette er starten på ei leiting etter Felix, og vil dei nokon gong finne han igjen, og kven er Ole Hansen?

Dette er den tredje boka i Felix-serien.

Dette er ei spanande bok for både gutar og jenter, men kanskje mest jenter i alderen 9 - 14 år.



Rakel Alvestad 12

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG 10.00 – 13.30

ONSDAG 16.00 – 19.00

TORSDAG 10.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

E-POST: lognoey@bokn.kommune.no

Søk i katalogen www.bokn.folkebibl.no

NØTTEKNEKKEREN


av E.T.A Hoffmann

Boken handler om 7 år gamle Maria Sthalbaum, som bor sammen med sin mor og far, og broren Fritz og søsteren Louise. Det er jul, og gudfar Drosselmeier kommer på besøk.



Barna får mange fine julegaver, men Maries yndling er en ensom liten nøtteknekker. Marie får spesielt ansvaret for han, selv om den også tilhører Fritz og Louise. Det blir sent og Marie blir ekstra lenge oppe for å pleie den stakkars nøtteknekkeren som har knekt noen tenner på grunn av at Fritz tok en alt for stor nøtt og ville ha han til å knekke den.

Nøtteknekkeren får sengen til den andre dukken til Marie. Så slår klokken tolv, og det begynner å kravle og krype rundt i stuen, både rotter og dukker har våknet.


Dette er en veldig bra bok som passer godt til jul. Eg anbefaler den til barn og voksne i alle aldre. Roberto Innocenti er dessuten en fantastisk tegner.



Hanne Marte
Vatnaland 12




Biblioteket er
her for deg og
alt er gratis!



Til norsk finale i fysikk-OL

Jardar Havikbotn



Kirstin heime i stua hos familien Hosaas i Alvestad-nord.

Kirstin Hosaas frå Bokn gjer det svært godt som avgangselev ved Vardafjell vidaregåande skule i Haugesund. No har ho også blitt historisk med å vera den første jenta derifrå som har kvalifisert seg til landsfinalen i fysikk-OL!

Ho fortel til Bygdabladet at det var 490 stk. frå heile landet som var med i 1. runde i den frivillige konkurransen. 51 stk. gjekk så vidare til 2. runde. Kirstin kom seg gjennom den også, og er blant dei 20 som skal til Fysisk institutt, Universitetet i Oslo 8. til 12. april.

Kurset i Oslo blir avslutta med ein siste uttakingsprøve der dei fem som skal få vera med til finalen til sommaren blir valgt ut.

Den internasjonale finalen blir arrangert i Bandung, som ligg på Vest-Java i Indonesia, frå 15. til 23. juli 2002.

Kirstin har all grunn til å vera stolt av den store prestasjonen, og er også kjempenøgd med å ha kome så langt. Ho understreker at ho etter 2. runde ligg på 14. plass, og er heller ikkje opptatt å bli blant dei fem. Ho gler seg til den store veka i april, blant resten av norgeseliten i fysikk på hennar alder.

Det er matte, fysikk og kjemi som er favorittfaga, og realisten vurderer sivilingeniør i matte og fysikk eller legeyrket. Ho er i den heldige situasjonen at ho kan velja kva ho vil utdanna seg til etter vidaregåande skule.

- Eg må prioritera, og det blir vel sivilingeniør, seier Kirstin, som kan tenkja seg om heilt til søknadsfristen 15. april.

Bygdabladet gratulerer med innsatsen og ynskjer lykke til i Oslo!

Frå barnemunn:

10 spareforslag

1. Vi kunne ha tre i radiatoren istedenfor olje.
2. Hvorfor ikke slå av annenhver lyspære i huset istedenfor å la alle forbrenne hele døgnet rundt?
3. Eller vi kunne lage skinnene glattere så togene kunne spare på kullet.
4. Det ville spart penger hvis alle syklene fikk lov til å kjøre uten lys om kvelden.
5. Jeg synes at romfarten skulle begrenses, slik at de kjørte bare en gang rundt jorden istedenfor flere hundre, slik vi hører om. Opplevelsen er jo den samme og den samme.
6. Alle biler skulle tvinges til å kjøre på solceller, som er et slags sted der solstrålene blir gjort om til bensin.
7. For å spare på varmen og lyset, kunne vi lukke skolen annenhver dag.
8. I landbruket kunne de bruke kuene som trekkdyr istedenfor slik det er nå. Tusenvis ligger jo bare på bakken og gumler på maten sin. Ja til kukraft!
9. Når vi kjører heis, skulle det vært et tau slik at vi selv måtte dra oss opp. Da hadde nok folk lært å bruke trappene.
10. For meg høres det farlig ut når de snakker om å senke romtemperaturen. Det er et veldig stort inngrep i naturen hvis vi virkelig vil senke temperaturen i rommet.

"Post i butikk"

Reidar Alvestad

To nye i veka

Den nye tida i Posten lar seg ikkje stoppa. Den 26. februar åpna Postens Endringsorganisasjon det nye konseptet "Post i Butikk" i Coop Bokn i Føresvik (tidlegare Bokn handelslag). For Bokn handelslag er også med på notene og har endra namn. Her gjeld det å fylgja med i tida og alle endringane som skjer m.a. i post og handel. For fort skal det gå. Her i Nord-Rogaland, Ryfylke og Sunnhordland/Hardanger-området blir det nå fram til juni åpna to nye "Post i butikk" i veka. I Coop Bokn blir "Post i butikk" liggjande same stad som før, men dei har fått nytt utstyr innan data og online-tilknytning. På den måten kan kundane ta ut pengar o gså kva saldo dei til eikvar tid har på kontoen sin, utan at dei som betjenar systemet har innsyn i dette.


"Post i butikk" medfører at kundane får utført dei fleste tenestene som ein tidlegare fekk i eit vanleg postkontor. Ventar du på ein pakke, kan "Post i butikk" finna ut kor han er på vegen frå avsendar til mottakar. Det er eigen terminal for kortbetaling. "Post i butikk" er heilt sjølvstendige i forhold til posten elles. Den store skilnaden nå er at det meste går elektronisk.

Styrar Annbjørn Sunde i Coop Bokn seier til Bygda-bladet at kundane etter ei viss tid er blitt vant til posttenester i butikken, og ser fordelene i at åpnings-tidene er utvida til butikkåpningstida også for posten. Dette er ei stor utviding av åpningstidene i forhold til tidlegare. Når nå tenestetilbodet også er utvida, kan dette sikkert bli ei god løysing. Det som har vore postkontor tidlegare, som t.d. det i Aksdal, vil etter kvart gå over i konseptet "Posthandel".

Styrar Annbjørn Sunde t.v. saman med Kjell Skorild frå Postens Endringsorganisasjon er med og legg forholda til rette for "Post i butikk" i Coop Bokn. Betalingsterminal på disken.



Nytt konsept "Post i butikk" krev nye logoar, plakat- og nytt utstyr. Men her ser me alt på plass.



LEILIGHET TIL LEIE

Leilighet med god standard, til leie i Lyngveien , øverst i Føresvik byggefelt.

Leiligheten er møblert, men kan etter ønske leies umøblert.

Inneholder stue, kjøkken, 1 soverom, bad/toalett, entre og stort kott.

Leiligheten ligger i 3. etasje med nydelig utsikt.

Passer best for 1 eller 2 voksne personer.

Interesserte kan ringe

tlf. 52 74 84 72 eller 52 74 86 60 etter kl. 17.00

Nyopning av Petra fritidsklubb!



Jardar Havikbotn

2.02.02 går inn i rekka av merkedatoar for store kulturhendingar i Bokn. Etter fleire månader med planlegging, innkjøp og tilrettelegging var endelig kvelden der då alle dei andre skulle få sjå korleis det var blitt i dei to første etasjane på Kyrkjebyggd kultur- og aktivitetshus. Nærmare 40 positive ungdommar i alderen 12 -19 år opplevde ein kjempekveld!

Styreleiar Camilla H. Birkeland reiv av snora kl. 19.00 (det store forsidebildet). Dei andre styremedlemmene Eirik Veia, Therese Våge, Lars Øyvind Alvestad, Jørgen Thuestad, Tom Inge Aksdal og ungdomsarbeidar Ann Kristin Grønnestad, prosjektarbeidar Øyvind Børjesen og undertekna var klare til å ta i mot den store og nysgjerrige ungdomsstrømmen.

Det var første gong 7. klassingane kunne gå på Petra på ein fredag, og til denne spesielle hendinga med utvida opningstid var dei inviterte til å vera med heile tida, kl. 19.00 - 01.00. Me gleda oss også over at fleire eldre tenåringer også var med.


Styret hadde eit tettpakka program; biljardturnering,



Øverst: Sveinung Sæbø (med ryggen til) i bordtenniskamp med Jostein Aksdal. Kjetil Vatnaland og Øyvind Pedersen ventar på å sleppa til.

Midten: Helen og Ann Kristin Grønnestad i full fres med Air-hockey. I bakgrunnen fotballspelet.

Nederst: Vinnar av biljardturneringa Bjarne Thuestad.



dansekonkurranse, playstation, film og karaoke. Ja, tida gjekk så fort at alt ikkje kunne prioriterast like mykje. Og heile tida var både airhockeyspelet, fotballspelet og bordtennisrommet opptatt. Overalt kunne ein oppleve positive og glade ungdommar utan "utskeielsar" av noko slag. Ein ny standard i ny-opussa lokale er satt!



**Nytt tlf.nr. til Petra:
52 74 82 90**


Kjøkkenet er ein populær samlingsplass. Fv. Hanne Nilssen, Merethe Ø. Almås, Guro Nygaard, Emilie M. Eikje, Therese Våge og Jørgen Thuestad.

"Stuå", det største rommet, har fleire funksjonar. M.a. er målet å skapa ein samlingsplass her med kaféen i sentrum, der folk roleg kan setta seg ned med ein kopp kaffi, brus og noko å bita i. Rommet har også DVD, storskjerm med stereo-surroundanlegg, og kan også brukast som alt frå filmframvisningsrom til møtelokale.

Biljardturneringa var svært populær, og etter to og ein halv time kunne vinnaren Bjarne Thuestad ta i mot eit CD-gavekort. Nr. to blei Øyvind Pedersen. Etterkvart blei det spela playstation på storskjerm før kveldens film. Med skikkeleg "kinolyd" er dette eit høgdepunkt for mange. Alle filmene som blir viste på Petrakveldane



Tom Inge Aksdal, Camilla H. Birkeland, Emilie M. Eikje og Kristina Faye ser fram til kafédrift i 2. etasje.



Øyvind B. var Diskjockey store delar av kvelden. Nå har ei ungdomsgruppe gjennomgått DJ-kurs og denne funksjonen går på rundgang blant desse på Petrakveldane. På dansegolvet fv: Helen Grønnestad, Vibeke Borgenvik, Tom Inge Aksdal og Camilla H. Birkeland.




Svært populær karaoke! Fv. Susanne Grønnestad, Elise Marie Tollaksen, Lars Øyvind Alvestad (i "Uglaburet"), Emilie M. Eikje, Therese Våge, Merethe Ø. Almås og Guro Nygaard kunne godt tenkt seg å halda på lenger då kl. blei 01.00.

har 11 års grense.

Om det ikkje hadde vore fullt i diskoteklokalet heile kvelden, blei det i alle fall det når karaokemaskinen blei tatt i bruk etter at filmen var slutt. Øyvind B. og undertekna song ikkje mange songar før songfuglane stima til, og når klokka blei 01.00 var det ikkje lett å få dei derifrå. Den lånte maskinen blir vurdert kjøpt p.g.a. ein enorm popularitet sidan opninga.

Svært populær er også is-disen på kjøkkenet. Sjølv om det nå har vore mest vinter går isen unna som berre det.



Etterarbeid med eit smil. Det blir lagt stor vekt på gode rutiner i lokala. Her tar Jørgen tar seg av støvsuginga.

Populær blir nok også Flipperspelet (utan myntinnkast) som står på plass i "stuå" når dette blir lese.

Det nye ungdomsmiljøet

Driftsstyret og Kommunestyret har allerede hatt møte der oppe, der det var naturleg med ein presentasjon av det nye miljøet rundt Kyrkjebygd kultur- og aktivitetshus. Eitt av dei nye musikkbanda, guttebandet frå ungdomsskulen, spelte for politikarane i det same lokalet som dei øver i. Undertekna heldt eit lysbildeforedrag av prosjektet, og takknemlege styremedlemmer varta opp dei folkevalde med vafler, kaffi og kake.

Stikkord i dette prosjektet er meningsfull fritid, og det har skjedd svært mykje positivt dei siste månadene. Dei rette ressursene gjer at me kommunen kan oppretta eit etterlengta tilbod, og det er gledeleg at fokus her er på ungdom og musikk. Men også dataklubben Lannux held til på Kyrkjebygd. Mange, og ikkje minst tenå-



Jenteband er noko av det nye miljøet. Camilla på keyboard, Kristina bass, Therese trommer og Guro vokal/gitar og Vibeke vokal/gitar (som ikkje var beg. då bildet blei tatt) øver i diskoteklokalet med lærar Øyvind B.

ringane, håpar at forholda kan leggst til rette slik at det gryande miljøet rundt "gamleskulen" kan få utvikla seg.

Ny giv og entusiasme!

Med eit totalt oppussingsbudsjett på nærmare kr. 200.000,- i 1. og 2. etasje var det mykje nytt å sjå under omvisninga, og ingen kan nok unnga å bli imponert over dei gamle barnehagelokala. I diskoteket kan ein tydeleg høyra og sjå at det er investert i nytt. Den lenge etterlengta lydsperra (særleg blant foreldre) er også komen på plass, noko som betyr at forsterkaren er innstilt på ein gitt, lovleg lydstyrke, og det går ikkje an å skru musikken høgare.

Det går nesten med ei side til å ramsa opp alt nytt utstyr & inventar, og det er berre å seia at interesserte som har høve til det må koma og sjå sjølv. Petrastyret, ungdomsarbeidaren, Øyvind Børgesen, Kristi Laupland (gardiner) og undertekna har brukt rundt 200 arbeidstimar sidan desember i fjor. Det meste er dugnad, og eg vil nytta høvet til å retta ein stor takk til samarbeidspartnarane mine! Det er skapt ein ny giv og entusiasme, og det er ein fryd å samarbeida med dei, tusen takk!!

Velkommen til

OJ Foto

MIDT I LEIO

HAUKÅS
5550 SVEIO

PRISER FOTOGRAFERING:

PORTRETT

KR: 1000,-

FAMILIE:

KR: 1200,-

KONFIRMASJON

KR: 1000,-

BRYLLUP

KR: 2500,-

FOTOGRAFERINGENE ER INKL:
ALBUM OG NEGATIVER

TA KONTAKT PÅ TELEFON
53 74 35 45 / 993 29 107

TAR ALLE TYPER OPPDRAG,
ER MOBIL OG KOMMER GJERNE HJEM TIL
KUNDEN FOR
FOTOGRAFERING

VENNLIG HILSEN

Olaf Johan Kristiansen
og
Gunn Synnøve Thorsen

BESØK VÅR HJEMMESIDE:
<http://ojfoto.sveio.com/>



Krovågen hestesenter på Austre Bokn

Ridekurs og rideleir!

Nye ridekurs for voksne og barn starter over påske. Vi bruker islandshester og shetlandsponnier.

I sommerferien blir det rideleir i ukene 26, 27 og 28. Ridning i teori og praksis, ponnykjøring, hestetell og andre aktiviteter. Aldersgruppe 8 - 14 år.

Pris pr. leir inkl.kursmateriell, overnatting og alle måltider kr. 2900.

For mer informasjon og påmelding, ring

Kari Christensen, tlf. 52 748407 el. 91120801,

E-post kachris@online.no.

Velkommen til Kro!



**BOKN KOMMUNE
SEKSJON SKULE**

Innskriving av elevar i 1. klasse i Bokn, for skuleåret 2002/2003.

Velkomen til innskriving for 1. klasse 2002/2003
på Bokn skule
fredag 26. april 2002 kl 09.00.


Alle barn i Bokn som er fødte i 1996 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter § 2-1 i Opplæringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkja om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2002. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT. Søknadsfrist for begge er 15. mai 2002.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkomen til Bokn skule!

Med helsing
Ingjerd Ellingsen,
rektor



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

OPPSTART AV KYSTSONEPLANARBEIDET I BOKN

Arbeidet med ein kystsoneplan for Bokn er sett i gong. Arealplanen for sjøområda vil ta for seg fiskeriinteresser, seilingsleder og ankringsplassar, akvakultur, utnytting av skjellsand og tareforekomster, friluftsinnteresser, dyreliv og verneområde.

Planen vert endeleg behandla av av Kommunestyret i september d.å.

Organisasjonar og off.etatar blir kontakta direkte i planprosessen, men enkeltpersonar må gjerne også kontakta kommunen for å drøfte planspørsmål eller innspel i prosessen.

Henvendelser kan skje på telefon 52 75 25 00 eller e-post hfaye@bokn.kommune.no

BOKN SERVICE

Tjenester:

Data
Barnepass
Reinhold
Fisking (salg)

Priser:

Data:	Prisen varierer.
Barnepass:	25 kr timen
Reinhold:	40 kr timen
Fisking:	Varierer, men må bestilles 2 dager i forveien.


Kontakt oss:

E-post: okennett@online.no

Tlf: 41 40 63 35 eller 48 00 36 79

Mvh 8.klasse bokn Skule

<http://boknservice.cjb.net>



Du kan ikke forsikre deg mot ulykker - de bare skjer

-men nå får du ny og enda bedre **Personforsikring** hos oss som omfatter:



**Livsforsikring. Uførekapital. Uførepensjon. Ulykkesforsikring og
Barne- og ungdomsforsikring.**

SpareBank 1 SR-Bank

BOKN

COOP BOKN

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked




BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler båring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



**A. OLUFSEN
SKIPSSERVICE A.S**

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

Hjertelig takk til alle som gjorde 85- og 80 års dagene til et minne for livet. Takk for gaver og blomster.

Takk til Bokn Røde Kors for nydelig bukett anbrakt på redningsbåre. Og ikke minst stor takk til Venevil, May Jorunn og Oddrun som kom og sang på begge dagene, de er bare enestående med sin sang.

Hilsen Else og Helge

TIL SALGS

- Blå Simo Bagvogn
- Sprinkelseng
- Babybjørn bæresele
- Stillebord
- Bilsete, 0 - 10 kg

Kontakt
Anne L. Jøsang
52 74 82 85

TIL SALGS

Gode sommardekk -
King Mailer 205/60 R13 på felg
passar til Opel Ascona rimeleg til salgs.

Tlf. 52 74 85 90

BOKN FYSIOTERAPI
Tysdag og onsdag
og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33

Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik
fysioterapeut

LIKNINGSKONTORET
Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Akssdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

FOTTERAPI
kvar onsdag på legekantoret
kl. 09.00 – 14.00

Første onsdagen i kvar mnd.
kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50
Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde
trygdesjef

Prøv ein
annonse i Bokn
Bygdablad

LANDBRUKSKONTORET
Kvar torsdag kontordag i
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef



HÅRSMIA

Austre Bokn - mot Våga



Kom innom eller ring
for timebestilling

52748647 - 99037203

Fører Goldwell &
Hair Collection produkter


Mona Våga

ØNSKES KJØPT

Brukbar Tempo Corvette ø. kjøpt.
Tlf. 52 74 85 66 eller mob. nr. 47 63 63 47
(Erik).

EG HAR NÅ

rosemalte kister, fater og div. for salg.
Gavetips til konfirmanten!
Restaurering og rosemaling mottas på best.
Liv Lie - 52 74 85 54



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
98 22 15 01			
52 75 25 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
98 22 15 02			
52 75 25 03	Ordfører	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.kommune.no
91 35 40 82	Tysdag – ring på førehand		
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
98 22 15 04			
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
98 22 15 05			
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Leni Mannes	lem@bokn.kommune.no
52 75 25 09	Økonomiavdelinga,	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
99 53 19 35	skatt og fakturering		
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
98 22 15 08			
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 12	Barne- og ungdomsarbeidar Tysdag 08.00 - 13.00 i partalsveker	Ann Kristin Grønnestad	agroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekodt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktsentralen		
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
98 22 15 03			
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon <u>torsd.</u> 08.30 - 12.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47	Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
93 41 54 40	Tysdag/ <u>torsdag</u> 08.30 – 15.30		
52 75 25 50	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51	Rektor	Ingjerd Thuestad	ithuestad@bokn.kommune.no
98 22 15 11			
52 75 25 13	Barnevernleiar	Eva Moi	emoi@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Tysdag, og etter avtale		
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth	jhaakonseth@bokn.kommune.no
98 22 15 12			
52 75 25 80	Tannlegekontor	Anita Knutsen	

Bokn's fineste tomt til salgs!



Bokn's fineste tomt med oppsatt grunnmur og sjøtomt, selges for kr. 380.000,- eller bud.

Tomt: 701 kvm – eiertomt, flott tomt i maritime omgivelser, nausttomt ca. 65 kvm.

Beliggenhet – Alvestadkroken.

Her er det meste av grunnarbeidet gjort og er utført av fagarbeidere. Mulighet for valg av hustype.

Tomten selges med opprinnelige hustegninger om ønskelig inkludert i prisen.

Tilknytningsavgift for vann og avløp er betalt.



Kontakt Arne Jarl Hatlem og Margareth Bokneberg på
tlf. 52 74 83 78 – 971 412 64

Store forsidebilder

Det er igjen på sin plass å minna om at desse bildene ikkje nødvendigvis har noko å gjera med innhaldet i bladet. Når dei har det står sidetalet på framsida, slik som denne gong.

Andre gonger er dei berre eit blikkfang, ein fargeklatt som gjerne har noko å gjera me kva årstid me er inne i.

Billedteksten til det store forsidebildet står **alltid** i høyre spalte på nest siste side.

- redaktøren -

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året

STORT FORSIDEBILDE

Nyopning på Petra fritidsklubb. Sjå også s.

Foto: Jardar Havikbotn

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*


51 72 31 33

900 16 817

Kulturelle besøk i april

"Han Innante", alias Brakkvald Tolvstøkkje fra Radio Innante kjem til Bokn 18. april kl.19.30 på Revykonsernt.

Nå er han her igjen, eitt år sidan sist, med nytt show og ny ellevill kameratt, han Sjur. Skeie-spelaren og pessimisten Ola blir sannsynlegvis også med, i skrivande stund 90% sikkert. Og med tre stk. på scenen skulle latteren og kultur-opplevinga vera sikra!



26. april 2001
Foto: JH

"Han Innante" er frå Indre Erfjord og tidligere krets-mester i ydmykhet. Kameratten, oppfinnaren Sjur Tønnessen spelar på eit slagverk laga av gamle sildetønner vaskebrett, ukulele, banjo, skjerefjøl, halvautomatisk harpeleik e.t.c.

Sjur er frisk att etter at han har vore litt sjuk og halv-pysjen. Sjukdommen fekk

han etter Skudefestivalen 2001 der han tok seg ein lang tur på ein kort kai. Forutan verbal humor vil dei framføra songar frå dei to CD-ane sine.

Han Innante held no på med ein ny CD som kjem ut til

hausten.


Programmet er utan underbuksehumor og banning, og passar for alle mellom 7 og 98 år.

"Han Innante" er best kjend under navnet «Radio Innante». Under denne vignetten er han kjend for ei rekke underhaldningsinnslag i radioprogram, først på Nærradio, seinare på riksnettet NRK P1 og P2. Han har også laga to førjulsføljetonger for NRK Lokalen. Våren 2000 hadde han eit eige innslag i programmet "Du skal høre mye" med Skoglund på NRK1 TV. Han har også vore med i andre innslag på NRK TV. "Han Innante" har tidlegare samarbeidd med Rogaland fylkeskommune.

"Han Innante" driv nå med underholdning på heiltid over heile landet. Hovudsakleg har han hatt underholdning for firma, organisasjonar, landskonferansar og messer i 10 år. Han har også spela inn to CD-ar. Dei har blitt mykje spela på NRK og ulike nærradioar.

Alt tyder på at dette showet blir ein like stor suksess som i fjor, då gymsalen var full av folk og stemninga var på topp!

Billett kr. 150,- for voksne og 50,- for barn.



11. april kl. 18.00 blir det teater-barneTV på skulen! Då kjem sjølvaste Albert Åberg til Bokn.

Albert Åberg har gleda norske barn i 25 år og dette er ein jubileumsforestilling på ca. 50 min. Han heiter *Albert Åberg og den hemmelige Skybert* og passar for familie/barn frå 3 år.

Albert Åberg kjenner alle. Stor er han ikkje og ikkje så sterk - men utroleg morosam å lesa om og som teater fungerer han suverent.

"Den beste vennen som Albert veit... er han som er ein hemmelighet. Skybert, Skybert, mystisk mann! Ingen kompis er som han". Skybert gjer som Albert vil, ikkje så rart, fantasi-vennen til Albert får mykje plass i denne forestillinga som er bygd opp av fleire kjente episodar i de bøkene som er kome ut.

Foruten Albert og Skybert, møter me Alberts far,



Alberts venn Viktor og venninna Milla. Spørsmålet er berre: "Kven kan redde Albert Åberg?"

Stor er han ikkje og ikkje så sterk, og slåss....det gjer han helst ikkje heller. Og rik er han ikkje. Og ikkje berømt! Og best....vil han nok ikkje bli....Han er berre VANLEG....som oss.

Albert Åberg - Ein liten gut som alle barn kan kjenna seg igjen i.

Nå har du sjansen til å koma ganske nær sjølvaste Albert Åberg. Denne suksess-forestillinga må du berre få med deg!

Billett kr. 50,-

Billettsalet til begge forestillingane startar i Servicetorget, 52 75 25 10/11 tysdag 2. april kl. 08.00.